

Til NVE, konsesjonsavdelingen
att: Erik Roland
cc: Katarina Eftevand, Ole P. Schei

12.august 2016

Vi viser til avgrensa høyring ang. vår søknad av 31.03.2016 om inntak frå sidebekk og auka slukeevne.

Styret i Brunstad Kraft AS oppsummerer frå dei 4 innkomne høyringsuttalene at dei omsøkte endringane i konsesjonsvilkåra blir sett på som små og lite konfliktfylte. Vi er sikker på at overføring av sidebekk og auka slukeevne vil gi eit godt kost/nytte-bidrag til Brunstad Kraft med få eller ingen ulemper. Tiltaka vil forbetre selskapet sin økonomi med gode ringverknader for lokal verdiskaping og skatteinntekter for samfunnet. Auka kraftproduksjon vil bidra til å styrke fornybar-andelen av nordisk kraftproduksjon utan merkbare negative følgjer for natur og miljø.

Vi noterer at ingen har merknader til auka slukeevne. Vi kan gjerne skyte inn at eit nyleg regnskyll den 9.august førte til vassføring på meir enn $11 \text{ m}^3/\text{sek}$ ved inntaket. I slike periodar vil forskjellen mellom $1,8$ og $2,2 \text{ m}^3/\text{sek}$ gjennom rørgate ha liten betydning for naturverdiane. Muligens vil ei viss flaumdemping nedstraums inntaket vere einaste konsekvens. ($11 \text{ m}^3/\text{sek}$ er berekna som 14% av målt vassføring i enden av Fetvassdraget: <http://www2.nve.no/h/hd/plotreal/Q/0097.00001.000/uke.gif> + foto og vassføringskurve på neste side. Video kan ettersendast. Slike flaumar har vi ofte 3-8 av pr. år)

Vi noterer også at det heller ikkje har kome inn negative kommentarar til å overføre sidebekken. Som grunneigarar og «vertskap» for ein jamn straum av fotturistar og ÅST si turisthytte like ovanfor inntaket, er det hyggjeleg at heller ikkje **Ålesund og Sunnmøre Turistforening** har merknader til planlagte endringar. Andre inviterte høyrings-partar frå natur- og friluftsliv har heller ikkje sendt inn kommentarar.


Vi ser at både **Fylkesmannen** og **M&R Fylkeskommune** tilrår alternativet med borehol. Om Fylkeskommunen sitt krav om arkeologiske undersøkingar ved val av rør/grøft-alternativet blir fasthalde av NVE, vil nok «borehol» også bli det **rimelegaste** alternativet. Vi har ikkje pr. i dag fått utgreidd i detalj kva ca 70 meter x 30 cm Ø presisjonsboring vil innebere teknisk og økonomisk. Men vi har også tru på at dette kan bli ei veldig god løysing.

Istad Nett har som einaste kommentar å vise til Sykkylven Energi og evt. kapasiteten på 22 kV-linja gjennom Velledalen. Vi har også sjølv oppfordra Sykkylven Energi til å sende inn kommentarar til evt. last-auke frå 3,3 til ca 3,7 MW. Då det ikkje har kome uttalar, bør vi tolke forholdet som uproblematisk. Vi går god for at forholda rundt nettspenning vil bli handtert i godt samarbeid med Sykkylven Energi AS.

Med venleg helsing: styret i Brunstad Kraft AS

Oddmund Langlo (styreleiar), Per Ringdal, Sigbjørn Brunstad, Knut Brunstad, Oddbjørn Brunstad

Oddbjørn Brunstad


dagleg leiar

